

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtestad:** Breheimsenteret, Jostedalen  
**Dato:** 19.06.2017  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus), evt. ved e-post til undertteikna.

Vararepresentanter møter etter nærare beskjed.

Detaljert program for samlinga 19.-20. juni blir sendt frå Magnus.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



**Jotunheimen**  
**nasjonalpark**

Mobil: 948 80 564

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhald	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 33/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 34/2017	Referatsaker		
RS	Rapport 2017 - Jotunheimen nasjonalpark - Galdhøpiggen 2015 - 2017		2015/1399
RS	Status Sognefjellet - pilot innfallsport		2016/8372
ST 35/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2020 - Memurubu Turisthytte		2017/3788
ST 36/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Filming med drone - Nasjonalparkfestivalen Under Storen		2017/3639
ST 37/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone for filming rundt Galdhøpiggen eller Glittertind - NRK Hordaland v/ Irene Langeland og Rebecca Nedregotten Strand		2017/3561
ST 38/2017	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde - Dispensasjon - 2017-2020 - Bruk av drone for fotografering til turbok - Iriss Forlag v/ Jon Hagen		2017/3818
ST 39/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Filming med drone for dokumentasjon av Storbreen - NVE		2017/3761
ST 40/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 og framover - Bruk av helikopter og bil på Glitterheimvegen i reindriften - Lom Tamreinlag		2017/3782
ST 41/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2019 - Innsamling av brennestein - Oppland fylkeskommune		2017/3413
ST 42/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Galdhøpiggen 2018 - 2020 - Per Olav Tangen		2017/3532
ST 43/2017	Eventuelt		

**ST 34/2017 Referatsaker**

**Rapport 2017 - Jotunheimen nasjonalpark - Galdhøpiggen 2015 - 2017 2015/1399**

**Status Sognefjellet - pilot innfallsport**

**2016/8372**

Arkivsaksnr: 2017/3788-1

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2020 - Memurubu Turisthytte**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen § 3 pkt. 6.3 c), f), h), j), k), l), m) og o) løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av Memurubu Turisthytte.

Detaljert innhald og spesifiserte vilkår i løyvet går fram av vedlegget.

Løyvet gjeld for fireårsperioden 2017-2020, og vert automatisk forlenga for eitt år om gongen dersom ingen av partane ser behov for revisjon eller justeringar. Heile eller delar av løyvet kan trekkjast attende dersom vilkåra ikkje blir fylgd. Eitt av vilkåra er den årlege rapporteringa. Det skal førast kjørebok som dokumenterer oppfølginga, med innsending innan 1. mai for vintersesongen, og 1. november for sommarsesongen.

Dersom vanskelege eller manglande isforhold på Gjende gjer det umogleg med transport som er heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.3. c) i det fleirårige løyvet, som berre opnar for bruk av beltekjørety, får nasjonalparkforvaltarane delegert fullmakt til å ta rask avgjerd med heimel i den generelle heimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48 for bruk av traktor, eller verneforskrifta § 3 pkt. 6.3. c) for bruk av helikopter. Slik endring krev enkel søknad ved e-post eller SMS, som dokumenterer dei ekstraordinære isforholda og det aktuelle behovet.

### **Saksopplysningar**

#### Saksdokument

- Tidlegare motorferdselløyve for Memurubu Turisthytte
- Referat frå møte 2. juni 2017 om diverse saker og forholdet til forvaltningsplan

Tidlegare motorferdselløyve frå 1999, som har vore forlenga fleire gonger i påvente av revidert forvaltningsplan, har følgjande innhald:

**«1. Formål:**

*Dispensasjon frå det generelle forbodet mot bruk av motoriserte køyrety (vemeforskrifta punkt 5.3.) i Jotunheimen nasjonalpark i samband med drifta av Memurubu turisthytte.*

*Dispensasjonen gjeld for strekninga Memurubu-Gjendesheim t/r.*

**2. Generelle vilkår**

- *transport av naudsynte varer og utstyr*
- *transport av bestyrar med familie*
- *transport av betjening*
- *transport av handverkarar, reiskap og bygningmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid*
- *ved-, søppel- og varetransport i Memurubu—området. Vedhogst i nasjonalparken skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta (jfr. verneforskrifta punkt IV-2.1.)*
- *2 turar i veka i vintersesongen (den tida turisthytta er betjent) for transport av faste overnattingsgjester med bagasje.*
- *oppsynsturar til turisthytta og tilsyn med utslepp frå Hesttjønnna. Reine oppsynsturar utanom driftssesongen skal på førehand meldast til oppsynet/nasjonalparktenesta*
- *i sommarhalvåret kan det nyttast motorbåt til transportane i dei høva den rutegåande motorbåten på Gjende ikkje kan nyttast*
- *køyrety (snøscooter, beltevogn, motorbåt) skal merkast slik et det går fram kven som er eigar (Memurubu Turisthytte)*

**3. Stikking av vinterruter**

- *køyring i samband med stikking og inntaking av stikk langs traseen Gjendesheim Memurubu. Løypa fram til Memurubu skal vere felles med Gjendebu*

**4. Ambulanskøyring**

- *i tilfelle ambulanskøyring utanom ruta Memurubu-Gjendesheim skal dette meldast til oppsynet snarast råd etter køyring*

**5. Tilsyn med kraftanlegg**

- *når det er naudsynt i høve til drifta av Memurubu kraftverk kan snøscooter nyttast på strekninga Memurubu-Hesttjønn.*

**6. Særlege vilkår**

- *forvaltningsstyresmakta skal til ei kvar tid ha oversikt over type køyrety, reg.nr. og dei førarane som normalt utfører transportane. Dersom særlege tilfelle gjer at andre køyrety/ førarar må nyttast, skal dette varslast før eller snarast råd etter at transporten er utført.*
- *all transport skal registrerast på eit eige skjema utarbeidd av forvaltningsstyresmakta. Utfylte skjema skal sendast forvaltningstyresmakta innan 01.06. for vintersesongen og innan 31.12. for sommarsesongen.*
- *det skal utarbeidast eigen transportplan for arbeid som krev særleg stor transportkapasitet (til dømes nybygg og større vedlikehaldsarbeid). Planane skal i hovudtrekk vise antal turar og når transporten er planlagt gjennomført. Transportplanane skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta før slike transportar blir gjennomførde.*
- *all transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla blir minst mogleg. I dei tilfella forvaltningsstyresmakta har gjeve løyve til, det kan transportøren ta med utstyr for andre. Transportøren er ansvarleg for at slikt løyve er gjeve.*
- *det skal ikkje vere med andre personar i transporten enn det som er naudsynt for transportoppdraget*

- *den motoriserte transporten skal planleggjast og gjennomførast slik at den i størst mogleg grad kan gjennomførast utanom dei dagane og den tida av året da det er mange turgåarar i området*
- *oppsynet for nasjonalparken, landskapsvernområdet og/eller statsallmenningane har rett til å kontrollere transportane.»*

Gjeldande løyve vart gjennomgått saman med eigar og drivar av Memurubu i møte 2. juni 2017. Eit nytt løyve må forankrast i den reviderte verneforskrifta frå 14.11.2014. Innhaldet vil i stor grad vera ei vidareføring av det gamle løyvet, men vil få nødvendige presiseringar i samsvar med innhaldet i den nye forskrifta og det overordna målet om å halde omfang av motorferdsel i verneområdet på eit lågast mogleg nivå.

Eitt punkt som ikkje er presisert i nåverande løyve er motorstyrke og fart på motorbåtar som vert nytta til transportoppdrag der det ikkje høver med rutegåande v/ Gjendebåten.

I møte 2. juni vart følgjande diskutert jf. utdrag av møtereferat ang. motorferdselløyvet:  
«Gjestetransport vinter:

Det har fleire gonger vore søkt om utvida løyve til persontransport i vintersesongen, men her er forskrifta spesifisert og avgrensa til at forvaltninga kan gje løyve til to turar i veka, jf. § 3 pkt. 6.3 m): «Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.»

Dette betyr at transporten må planleggjast godt. Vi tolkar «gjester som ligg fast» som overnattingsgjester, og telling av turar i veka blir knytt til vekenummer. Dvs at det er start på ny veke kvar måndag. Påska omfattar tre vekenummer, slik at det er mogleg med 2 turar både palmehelga, sjølve påskeveka og retur 2. påskedag/etter påske. Ved særleg mange gjester kan to scooterar med sledar kjøre samla som ein tur.

#### Båttransport

Memurubu har 2 motorbåtar og to fiskebåtar som blir nytta på linje med andre med fiskerett (forskrifta § 3 pkt.6.2. g) som opnar for båt inntil 10 hk og fart inntil 8 knop). Motorbåt 1 er 14,5 fot - 30 hk- fart ca 20 knop. Mest brukt, kan opererast av ein person. Motorbåt 2 er stor båt - 22 fot - 150 hk - kan gå 42 knop. Krev to personar når den skal brukast. Blir brukt ved behov for å få med varer og utstyr, og tek med det som høver når han likevel skal ut.

Motorbåtane kan brukast når det ikkje er rutegåande transport. Forvaltarane meiner at farten må avgrensast til 20 knop, på linje med den grensa som er sett for Gjendebåten. Sveine ønskjer å kunne kjøre raskare ved behov, og viser til beredskap ved å ha ein stor og rask båt tilgjengeleg. Redningsoppdrag kjem under andre reglar, og rutinar for utrykking og varsling/rapportering må avklarast med AMK og politiet. Når det ikkje er liv og helse som står på spel, framheva forvaltarane at det må vera mest mogleg like vilkår for næringskjøring. Sveine kan likevel be om å få lagt spørsmålet fram for styret, ved eigen grunngjeven søknad.

#### Varetransport på vinterføre

Sveine viste til at det kan vera vanskeleg å nytte berre snøscooter når det ikkje er snødekke på isen. Traktor eller ATV med belte bør kunne nyttast, på linje med snøscooter.

Forvaltarane sjekkar ut motorferdsselforskrift og kjøreforskrift, da forskrifta § 3 pkt. 6.3. c) viser konkret til «beltekjøreforskrift på vinterføre». Eventuell bruk av traktor må derfor vurderast som særleg høve, og knyttast til annan paragraf.»

## Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift av 14.11.14
- Utkast til forvaltningsplan (2008)
- Naturmangfaldlova (nml)

### Verneforskrift

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3, 6.1):

*«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 gje løyve til:

- c) *Bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.*
- f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.*
- h) *Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.*
- j) *Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.*
- k) *Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.*
- l) *Bruk av traktor på traktorveggar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.*
- m) *Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.*
- o) *Køyring på barmark med traktor eller beltekøyretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og omfang av motorferdsel skal derfor haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålsparagrafen, § 1: *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging»*

Memurubu ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:


*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Motorferdsel knytt til turisthytter har følgjande føringar i kap. 8.15.2 (relevante utdrag): *«- - - Også innafor ei turistbedrift sitt område (spesiell sone for tilrettelegging og inngrep) skal omfanget av motorferdsel haldast på lågast mogleg nivå, og det er berre transport av varar/tungt utstyr det vil bli gjeve løyve til. - - - Motorkøyretøy er*

framandelement i verneområda, og med mange motoriserte køyretøy er det vanskeleg å halde kontroll med ulovleg bruk av desse.

For betjente hytter som ligg inne i verneområda er det behov for å kunne transportere personalet som driv hyttene. Dette gjeld Skogadalsbøen, Glitterheim (vegtilknyting), Memurubu (båttransport) og Gjendebu (båttransport). Med "transport av personale til turisthyttene" forstås forvaltningsstyresmakta inn- og utfrakting av personale når dei reiser og når dei kjem for arbeidsperioden sin. Dette gjeld både sommar og vinter. - - - Med "drift" av turisthyttene - - - meinast naudsynt transport av varer, personale, handverkarar og tyngre utstyr som ikkje kan transporterast med rutebåten på Gjende. For - - - bruk av traktor - - - vil det berre bli tillate med køyring for transport av varer, tyngre reiskap og andre tyngre oppgaver der maskinkraft er naudsynt. Køyring utover dette vil ikkje bli tillate.» (Merknad: strekane i sitatet er sett i staden for referering til ulike paragrafar i forslaget til verneforskrift som fylgde planutkastet, da desse nummera ikkje er lik nummereringa i endeleg vedteken verneforskrift)

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan:



## Vurdering

Memurubu har lang tradisjon som turistbedrift, og har gradvis utvikla seg frå fjellturisme knytt til setra som tilhøyrrer garden Sveine i Lom og fram mot eit moderne turistbedrift ved foten av den mest populære fotturen i Jotunheimen – Besseggen. Memurubu er knytt til stignettet som går mellom turisthyttene i Jotunheimen, der det både er DNT-hytter og private hytter som m.a. Memurubu. Over tid har det skjedd ei utvikling i friluftslivet – frå den tidlegare fjellturismen med hovudvekt på hytte-til-hytte-vandringar, til dagens turisme med fleire gjester som heller ønskjer ein base med høve til dagsturar eller mindre rusleturar i nærområdet. Memurubu utpregar seg med lett tilkomst via Gjendebåten og gode og varierte turmoglegheiter, slik at bedrifta appellerer til alle typer gjester – frå barnefamiliar og pensjonistar – til topptursamlarar og fjellvandrarar.

Det er behov for transport av varer og utstyr til alle hyttene som er tilgjengelege for fotturistar, og forvaltninga vil følgje ein mest mogleg lik praksis for motorferdselløyve for alle aktørane i verneområdet. Det vil samstundes vera behov for tilpassing ut frå lokalisering og driftsmønster. Dei større hyttene som ligg inne i verneområdet har i tillegg til varetransport også behov for transport av drivarar og personale på grunn av lang avstand til bilveg. På vinterføre er det aktuelt å frakte både varer og utstyr med



snøskuter, medan Gjendebåten dekkjer mesteparten av transportbehovet om sommaren for bedriftene ved Gjende. Helikopter har berre vorte brukt i naudsituasjonar som følgje av at isen har gått opp før vintersesongen har vore avslutta, og bruk av luftfarty inngår derfor ikkje i det generelle løyvet. Nasjonalparkforvaltar kan gje løyve som delegert vedtak dersom det oppstår akutt behov pga. isforholda på Gjende.

Vurdering av dei ulike punkta etter pkt. 6.3, og behovet for justering og presiseringar:

- Bruk av beltekjøyretøy på vinterføre for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytta (pkt. c) har godt innarbeidde rutinar, men vilkår om rapportering må følgjast opp.  
I møtet 2. juni formidla eigaren av Memurubu eit ønskje om å nytte traktor som alternativ når det ikkje er snødekke på isen, slik at det er problematisk å bruke snøscooter. Pkt. c) spesifiserer kjøyretøy til beltekjøyretøy eller luftfarty. Dersom ein skal bruke traktor må det vurderast som eit særleg behov som oppfyller vilkåra til ein dispensasjon etter forskrifta § 4, jf. § 48 i naturmangfaldlova. Dette blir ikkje innarbeidd som eit generelt vilkår i det fleirårige løyvet, da det vil bli ei utholing av gjeldande verneforskrift. Men ein ser at det under særleg vanskeleg føreforhold kan vera relevant å opne for at forvaltarane kan gjera administrativt vedtak for andre transportmiddel i vintersesong når det oppstår ekstraordinære føreforhold på Gjende.
- Bruk av beltekjøretøy på vinterføre for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar (pkt. f) vil få løyve som før, men rapportering må følgjast opp ved sesongslutt (1. mai for vintersesong og 1. november for sommarsesongen)
- Motorbåt kan brukast når det ikkje er rutegående transport. Bruk av eigen motorbåt på Gjende (pkt. h) har i gjeldande løyve ingen føringar om motorstyrke eller maksimal fart. Hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende skal godkjennast av forvaltninga (pkt. j). Båten som blir mest nytta kan ha ein fart på 20 knop; dvs. om lag som nye Gjendebåten, medan den store båten kan kjøre heilt opp mot 42 knop. Fart på 20 knop betyr ca. eit kvarter på turen frå Gjendebu til Memurubu, og ein kan ikkje sjå at det er særleg grunn som tilseier at det skal kunne kjørast meir enn dobbelt så fort så lenge det ikkje gjeld liv og helse. Transport knytt til redning- eller ambulanseoppdrag kan skje med direkte heimel i forskrifta § 3 pkt. 6.2.1 a), så argumentet om å kunne kjøre raskare ved beredskap har ingen samanheng med driftsmessige behov. Forskrifta fastset ei grense på 8 knop, og eit eventuelt avvik i form av dispensasjon for høgare fart skal fylle eit særskild behov, der fordelane samla sett må vera vurdert større enn ulempene. Det driftsmessige behovet for transport vil vera dekt ved at det blir gjeve høve til å nytte eigen båt som supplement til Gjendebåten, men ein vel samtidig å opne for høgare fart enn 8 knop for å spare noko tid på transport. Dette må også vurderast opp mot ulempene som følgjer av svært høg fart på ein innsjø i eit verneområde, der det også er fleire andre brukarar. Transport knytt til drift av turisthytta må derfor følgje same fartsavgrensing som for øvrig næringstransport på Gjende, dvs. maksimalt 20 knop.
- Bruk av beltekjøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper (pkt. k) gjeld merking av løypa frå Gjendesheim til Memurubu. Løypa skal ikkje preparerast, men kan kvistast om det er ønskjeleg (evt. mogleg).
- Bruk av traktor på traktorveg for transport av varer og utstyr (pkt. l) er avgrensa til varetransport, og opnar ikkje for transport av personar mellom bygningar og anlegg. Det blir sett vilkår om at berrmarkskjøringa må følgje dei opparbeidde vegane, og det kan ikkje lagast nye kjørespor eller vegar i terrenget. Forskrifta spesifiserer type kjøyretøy – traktor. ATV registrert som traktor blir vurdert å koma inn under punktet, medan t.d. ATV registrert som motorsykkel kjem utanom definisjonen. Spesifiserte

punkt i verneforskrifta opnar ikkje for løyve til persontransport, og evt. ønskje om persontransport fyller heller ikkje vilkåra for å kunne vurdere løyve etter nml § 48.

- Transport av gjester som ligg fast i vintersesongen (pkt. m) er avgrensa til 2 gonger i veka. Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjevast løyve til fleire turar i veka. Omgrepet «2 gonger i veka» kan tolkast til å vera knytt til vekenummer, og med god planlegging er det mogleg å yte service til gjester som har bestilt opphald på førehand og som har særleg behov for transport. Dersom det kjem fleire gjester samstundes, kan det kjørast to scooterar med slede i følgje som ein tur.
- Køyring på berrmark med traktor eller beltekøyretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu (pkt. o) gjeld naudsynt transport opp til inntaket i Hestbekken, og berrmarkskjøringa skal følgje eksisterande kjørespor.

Kjennskapen til andre interesser knytt til Gjendeområdet er i hovudsak kjent (§ 8 i naturmangfaldslova om kunnskapsgrunnlaget). Det er ikkje registrert særleg sårbare naturverdiar på den aktuelle transportstrekninga Gjendesheim-Memurubu eller internt på bedriftsområdet. Ut frå føre-var-prinsippet sett i naturmangfaldlovas § 9 og føringane knytt til økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å vise aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området, og å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå. Påverknaden på andre interesser, både naturverdiar og friluftslivsinteresser, er avhengig av metode for transport og tidspunkt. T.d. vil vegetasjon og landskapsverdiar bli sterkt påverka ved omfattande motorferdsel på berrmark. Det er derfor ikkje opna for berrmarkskøyring utanom opparbeidde vegar (jf. § 12 i naturmangfaldslova om Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode). Einaste berrmarkskjøring som er tillate utanom veg er nødvendig kjøring etter fast kjørespor knytt til drift av kraftanlegget i Hestbekken. § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar opnar for at forvaltningsstyresmakta kan påleggje reparasjon av terrengskadar som følgjer av berrmarkskjøring – jf. landskapsanalyse frå 2004.

### **Oppsummering**

Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel, men noko motorferdsel knytt til drift av turisthytter er nødvendig. Det er ein fordel at hovudtyngda av transportbehovet i sommarsesongen blir dekt av Gjendebåten, da dette gjev ei god samordning av ulike transportbehov på Gjende. Hovudtyngda av transport i egen regi skjer på vinterføre og på vegar innan bedriftsområdet, og supplert med motorbåt på Gjende når det ikkje er rutegåande transport. Motorferdsel medfører utslepp og noko støy i eit kort tidsrom, men samla belastning på naturmiljøet blir vurdert som akseptabel i høve til nytteverdien dersom vilkåra i løyvet blir fylgd.

## **Dispensasjon - Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av Memurubu turisthytte og kvisting av vinterrute – 2017-2020**

Memurubu turisthytte får med dette dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3 pkt.6.1). Løyve er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 i verneforskrifta for Jotunheimen, jf vedtak i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 19.06.2017

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrifta, og ikkje i høve til Lom og Vågå kommunar som forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag eller til grunneigarane – jf motorferdsellova § 10.

Med "oppsynet" meinast Statens naturoppsyn (SNO) eller samarbeidande fjelloppsyn.

### **1. Generelt om motorferdselsløyvet**

#### **Løyvet gjeld:**

- Transport til og frå turisthytta:
  - transport av naudsynte varer og utstyr til drift av Memurubu turisthytte, sjå spesifikke vilkår i pkt. 2.1 – 2.5.
  - transport av styrar med næraste familie og betjening på strekninga Gjendesheim-Memurubu
  - transport av handverkarar, reiskap og bygningsmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid, og tilsynspersonar (mattilsyn, branntilsyn m.m.)
  - oppsynsturar til turisthytta.
- Kvisting av vinterruter
  - gjeld bruk av snøskuter på ruta Gjendesheim-Memurubu

#### **Generelle vilkår for all transport:**

- Med næraste familie meinast ektefelle/sambuar og barn.
- Det er ikkje lov med berrmarkskøyring utanom opparbeidd veg
- Dei som utfører motorisert transport skal alltid skal søkje å redusere transport-omfanget mest mogleg gjennom planlegging og samordning av all transport.
- All motorferdsel utanom rutinemessig dagleg drift skal varslast SNO før avreise, for at oppsynet skal ha nødvendig oversikt over lovleg motorferdsel utanom sesong. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato og køyretøy seinast dagen før via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.

For Memurubu gjeld det bruk av beltekøyretøy i samband med tilsyn med turisthytta og kraftanlegget i Hestbekken.

- All motorferdsel skal loggførast før ein reiser, på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.
- Samlerapport og alle loggane skal kvart år sendast inn til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 1. mai for vintersesongen og 1.november for berrmarkssesongen.
- Det skal i størst mogleg grad prøvast å unngå motorferdsel i helg, heilagdagar, i fellesferien, i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet.

## **2. Spesielle løyve og vilkår:**

### **2.1 Bruk av motorbåt på Gjende**

- Memurubu turisthytte har følgjande båtar
  - 2 fiskebåtar
  - 1 transportbåt 14,5 fot med 30hk motor
  - 1 transportbåt 22 fot med 150hk motor
- Bruk av fiskebåtane i samband med utøving av fiskerett er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.2. g) (under 10 hk motor og under 8 knop fart)
- Bruk av transportbåt til frakt av varer og utstyr og frakt av styrar med næraste familie og betjening (§ 3 pkt.6.3 h). Gjeld ikkje annan persontransport. Under nødvendig båttransport knytt til næring kan det opnast for større fart enn den generelle grensa på 8 knop (§ 3 pkt. 6.3 j), men ikkje over 20 knop.

### **2.2. Bruk av traktor på traktorveger i Memurubu.**

- Memurubu turisthytte kan nytte traktor til transport av varer, utstyr og bagasje for overnattingsgjester på traktorvegen mellom turisthytta og brygga (§ 3 pkt.6.3 l). .
- Transporten skal følgje eksisterande veg og omfattar ikkje persontransport.

### **2.3. Bruk av traktor eller beltekøyretøy for vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg:**

- Gjeld naudsynt transport opp til inntaket i Hestbekken, og skal følgje eksisterande kjørespor.

### **2.4. Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka**

- § 3 pkt 6.3 m) avgrensar gjestetransporten til maks. 2 gonger i veka. Dette blir tolka til 2 turar i kvart vekenummer, dvs. ny vekestart på måndagen.
- Gjeld inntil 2 beltekøyretøy som kjører samla ved behov.

### **2.5. Anna.**

- Transport knytt til redning- eller ambulanseoppdrag kan skje med direkte heimel i forskrifta § 3 pkt. 6.2.1 a), men må koordinerast av AMK/Operasjonssentralen. Alle slike oppdrag skal meldast til 113, og varslast til SNO så snart som råd etter utført oppdrag.
- Ved særskilde istilhøve på Gjende (ikkje snø til beltekøyretøy), kan det søkjast om å nytte traktor staden for beltekøyretøy. Avgjerd er delegert til forvaltar, for rask behandling ved særleg vanskeleg føre.
- Maskinar som ikkje er i bruk skal lagrast innandørs.
- ATV registrert som traktor kan nyttast i staden for traktor

## **3. Vilkår for stikking av vinterruter**

- All motorferdsel knytt til kvisting skal varslast til oppsynet på førehand, jf. generelle vilkår i pkt.1. Det kan berre nyttast kvist av norske lauvtre i nasjonalparken.
- Første tillatne oppstartsdato for kvisting er ei veke før opningstid for turisthytta Kvistinga skal leggjast opp slik at motorferdsla blir minst mogleg
- Dei løypene som kan kvistast vil inngå i forvaltingsplanen – temakart løyper.
- Etter vind og snøfokk kan det vere behov for inspeksjon og re-kvisting. Det skal vere stort sannsyn for at kvistinga er øydelagt før ein startar tiltak.
- Re-kvisting skal avsluttast når turisthytta stenger ned for vintersesongen.

#### **4. Andre vilkår**

- Ved innleige av snøskutersjåfør til transportoppdrag, skal den kommunale ordninga for leigekøyring nyttast dersom slik ordning er oppretta.
- Motorferdsel knytt til nye tiltak (utanom mindre vedlikehaldsarbeid) krev særskild dispensasjon etter søknad. Arbeid som krev særleg stor transportkapasitet skal ha ein eigen transportplan. Planen skal i hovudtrekk vise talet på turar og når transporten er planlagd gjennomført.
- All transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla vert minst mogleg. Transportøren kan ta med utstyr for andre, men skuterfører/båtfører er da ansvarleg for å forsikre seg om at ligg føre skriftleg løyve til transporten
- Det skal ikkje vere med andre personar på transporten enn dei som er naudsynte for å gjennomføre oppdraget
- Motorisert transport skal i størst mogleg grad leggjast utanom stader og delar av året det er størst fare for uroing av fugle- og dyrelivet

#### **5. Tida dispensasjonen gjeld for**

- Dispensasjonen gjeld fram til 31.12.2020. Dersom ingen av partane varslar behov for endringar, blir dispensasjonen vidareført for eitt år om gongen.
- Ved misbruk kan Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen som forvaltningsstyresmakt endre dispensasjonen eller inndra heile eller delar av den.

Arkivsaksnr: 2017/3639-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 31.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2017	19.06.2017

## Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Filming med drone - Nasjonalparkfestivalen Under Storen

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, jf naturmangfaldlovas § 48, får Nasjonalparkfestivalen Under Storen dispensasjon for bruk av drone for filmopptak til marknadsføringsfilm om festivalen og verneområdet.

Dispensasjonen gjeld for *ein* dag på kvar av desse tre lokalitetane:

1. Heimre Utladalen med Vettisfossen, Vetti gard, Avdal gard og Skåri. (juli-august)
2. Falketind / Hjelledalstind (august-september)
3. Austabotntindane og Soleiebotntindane (august-september)
4. Flyging nær dyr og hekkeplasser skal unngås. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
5. Filmen skal ikkje vise tekniske hjelpemiddel som drone, men berre vise sjølve turen.
6. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato seinast dagen før flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 25.05.17 frå Espen Stensvoll for Nasjonalparkfestivalen Under Storen

Nasjonalparkfestivalen Under Storen søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen og Utladalen i samband med filming for promotering av festivalen og området.

Utdrag av søknaden:

«Formålet med filminga er marknadsføring av festivalen og Jotunheimen som destinasjon. Årdal kommune og lokal reiselivsnæring vil bli invitert til å bruke same opptaka i marknadsføring av Jotunheimen og Utladalen som destinasjon. Nasjonalparkfestivalen 2017 er i perioden 29.juni til 2.juli.

Filminga vil verte utført med støysvak lita drone i RO1 klasse, der operatør har nødvendig sertifisering og sikkerhetsansvar for denne type flygning. Gjeldande reglar for avstand til dyr og turfolk i området vil bli fulgt under filming. Hensyn til naturen generelt vil ha høgste prioritet.

### Område og periode for filming, i prioritert rekkefølge:

#### 1: Utladalen (Juli-August)

- Området rundt Naturhuset ved Hjelle
- Avdalen Gard / Avdalsfossen
- Vetti Gard
- Vettisfossen (fra toppen)
- Heimre Hjelledalen, området rundt Hjellefossen

#### 2: Falketind / Hjelledalstind (August-September)

#### 3: Hurrungane (August-September)

- Vestre Austanbotntind
- Soleibotntind
- Lauvnostind
- Dyrhaugstind

Vi forstår at Hurrungane er eit spesielt sårbart område, om berre nåkre av desse tindar kan bli tilgjengelege i kortare periodar, vil vi prioritere toppen av Soleibotn/Dyrhaug som beste filmlokasjon.

Flygning med drone er avhengig av vær/vind, difor blir det vanskeleg å fastsette enkeltdagar for filming. Vi kan melde inn flygning ein dag på førehand i dispensasjonsperioden om ønskeleg. Drona vil vera i lufta i 10-20 min periodar på filmdagar, max 2-3 timar pr dag. Kortfatta rapport med flylogg vil bli gjort tilgjengeleg ved avslutta oppdrag.

Infotekst om at dronofilming i landskapsvernområdet og nasjonalparken krev dispensasjon frå verneforskrifta, vil bli lagt til i publiserte filmklipp.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Leveområde for villreinen*
- *- - - -*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Formålet med vern av landskapsvernområdet er

«*å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *- - - -*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og



*liknande*» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

#### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ganske mange slike saker i norske verneområde. Fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming eller felles marknadsføring av verneområdet, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Dette prosjektet er ein marknadsføring av eit arrangement som er tett knytt til verneområdet og det lokale reiselivet.

Utladalen med Vettisvegen frå vernegrensa og inn mot Vetti Gard og Vettisfossen er ein av dei mest besøkte startpunkta inn i verneområdet. Dei siste åra har forvaltninga rekna med at meir enn 25 000 besøkande kjem inn til Vettisfossen, det høgste uregulerte fossefallet i Noreg. «Heimre Utladalen» er definert i utkastet til forvaltningsplan frå 2008 som såkalla «brukssone».

Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Falke- og Hjelledalstind er ein del av landskapsverneområdet som ligg utanfor denne sona. Her er ein del topturbesøkande, men elles lite besøkande i dette området.

Hurrungane er i forvaltningsplanen definert som vernesone utan tilrettelegging.

Overordna strategi for sona:

*«Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skjje. Løyve til tilrettelegging kan berre gjevast unntaksvis og i svært spesielle tilfelle når dette vil fremje verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit.»*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. Særleg Hurrungane har me halde ei restriktiv line på, særleg for vinter og vår då dette er den mest sårbare tida for villreinen i området. Tidspunktet for filminga er lagt til ei tid av året kor villreinen er mindre sårbar og eventuelle hekkande rovfugl har reist frå reiret (§8 i nml.). Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området..

Det er lite problematisk i høve til vernet at Utladalen og Falke- og Hjelledalstind blir framheva gjennom marknadsføringsfilming. Marknadsføring av Hurrungane på barmark er også mindre problematisk, men forvaltninga må likevel ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i

vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei særleg vurdering av presedensverknaden. Då arrangementet er så tett knytt til verneområdet og skal vise «fjord til fjell» med fokus på Utladalen, blir Hurrungane ein ytterkant av marknadsføringa. For å redusere omfanget (§10 i nml.) bør omfanget av filming i Hurrungane reduserast til eitt toppområde som er tettast knytt til Utladalen, dvs. Austabotntindane og Soleiebotntindane. At filminga skal nyttast i marknadsføringssamanheng og er knytt til ei historie om fjord til fjell, skil søknaden frå dei reint private turfilmene som det er mange søknader på.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Turistmålet Vettisfossen har svært mange besøkande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i område med liten ferdsel. Rundt Falke- og Hjelledalstind og i Hurrungane er det mindre ferdsel. Det er svært viktig å vise respekt for andre turgåarar, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

§ 12 i nml. gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

§11 i nml er ikkje relevant for denne saka.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein innan omsøkt tidsrom og området tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande med vilkår som avgrensar omfanget av filming i Hurrungane. Planlagt filming vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Filminga vil vise mangfaldet av opplevingar med utgangspunkt i Utladalen og styrke det lokale reiselivet. Det må setjast vilkår om at filmen ikkje set fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2017/3561-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone for filming rundt Galdhøpiggen eller Glittertind - NRK Hordaland v/ Irene Langeland og Rebecca Nedregotten Strand**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, får NRK Hordaland dispensasjon for bruk av drone for filmopptak til eit dokumentarprogram som m.a. viser guida tur i området Galdhøpiggen eller Glittertind med bedrifta Jotunheimen Rein.

Dispensasjonen gjeld for *ein* dag innan perioden veke 28-31 2017 på følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til området rundt Galdhøpiggen eller Glittertind.
2. Flyging nær dyr og hekkeplasser skal unngås. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
3. Filmen skal ikkje vise tekniske hjelpemiddel som drone, men berre vise sjølve turen.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato seinast dagen før flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere tidsrom, må spørsmålet varslast til nasjonalparkforvaltar i god tid.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 19.05.17 frå NRK Hordaland, med tilleggsopplysningar om endra dato ved e-post av 30.05.17 frå Rebecca Strand

NRK Hordaland søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med filmopptak til ein dokumentarserie livet i Jotunheimen. Utdrag av søknaden:

*«NRK planlegg å filme ved Juvasshytta og Galdhøpiggen, 01.08.2017, då bedrifta Jotunheimen Rein v/ Ola Vaagaasarøygard og Jørn Slettom skal guide turistar opp til toppen.*

*For å synleggjere landskapet dei beveger seg i, gje sjåarane ei moglegheit til å oppleve den storslegne naturen og plassere hendinga geografisk, ynskjer vi å filme denne turen med drone. Opptaket vil skje etter avtale med arrangør og dei som er med på turen. Det vil bli brukt i ein dokumentarserie som etter planen blir sendt på NRK1 i 2018.*

*Opptak og tur er vêravhengig. Difor ynskjer vi også å ha moglegheit til å filme ein av Jotunheimen Rein sine turar frå Glitterheim til Glittertind i veke 31, dersom turen til Galdhøpiggen skulle bli avlyst. - - -*

*Droneopptaka blir avgrensa til ein enkelt dag og heldt på eit minimumsnivå for å forstyrre natur, dyr og menneske minst mogleg.*

*Beste helsing*

*Irene Langeland – produksjonsleiar NRK*

*Rebecca Nedregotten Strand – programskapar NRK»*

Ved e-post 30. mai vart det søkt om slik endring av dato for dispensasjon:

*«Det blir med dette søkt om dispensasjon til dronefilming i Jotunheimen nasjonalpark i veke 28 til og med veke 31. NRK planlegg å filme ved Juvasshytta, samt på og ved Galdhøpiggen. Bedrifta Jotunheimen Rein AS v/Ola Vaagaasarøygard og Jørn Slettom skal guide turistar til toppen kvar tysdag i juli. Droneopptaka blir avgrensa til ein enkelt dag og heldt på eit minimumsnivå for å forstyrre natur, dyr og menneske minst mogleg. Årsaka til at ein ber om ei så pass lang dispensasjonsperiode er fordi ein vil ta høgde for vanskelege vêrforhold i området.»*

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast

«dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*

- - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ganske mange slike saker i norske nasjonalparker. Fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Denne typen dokumentar vil vise naturområdet, og kan også ha marknadsføringseffekt.

Galdhøpiggen er eitt av dei største turistmåla i nasjonalparken, og området ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008.

Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Glittertind ligg i teig 3 i vernesone utan tilrettelegging. Overordna strategi for sona:

*«Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skje. Løyve til tilrettelegging kan berre gjevast unntaksvis og i svært spesielle tilfelle når dette vil fremje verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit.»*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ

effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er ikkje dei planlagde opptaksområda blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

På Galdhøpiggen er det særleg stor ferdsel, men også Glittertind har nokså mange turgåarar. Det er lite problematisk i høve til vernet at desse områda blir framheva gjennom filming til eit program som kan ha marknadsføringseffekt. Forvaltninga må likevel ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei særleg vurdering av presedensverknaden. Ein kan ikkje sjå at denne saka skaper presedens, da den ikkje er knytt til reklame eller marknadsføring, men er knytt til ein dokumentar om bruken av Jotunheimen. Den skil seg også frå dei reint private turfilmene som det er mange søknader på.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Turismålet Galdhøpiggen har svært mange besøkande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i område med liten ferdsel. Rundt Glittertind er det mindre ferdsel, men heller ikkje dette er eit typisk villmarksområde der folk kan forvente å vera heilt åleine i området. Det er i alle høve likevel svært viktig å vise respekt for andre turgåarar, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området langs ruta, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen, og filming av dei aktuelle turane kjem ikkje i konflikt med nokon av desse. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det likevel viktig å følgje utviklinga, og ta det opp ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruk av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av stor allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

## **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein innan dette området tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Filming i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Dokumentarprogram som viser guiding i fjellområdet er i stor grad med og formidlar turglede og det enkle friluftslivet. Det må setjast vilkår om at filmen ikkje set fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2017/3818-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	38/2017	19.06.2017

## Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde - Dispensasjon - 2017-2020 - Bruk av drone for fotografering til turbok - Iriss Forlag v/ Jon Hagen

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, får Iriss Forlag v/ Jon Hagen dispensasjon for bruk av drone for fotografering til ny utgåve av boka "Fotturer i Jotunheimen».

Dispensasjonen gjeld for perioden 2017-2020 på følgjande vilkår:

1. Hovudtrasear for turrutene som skal fotograferast går fram av vedlegget.
2. Fotografering skal leggjast fortrinnsvis leggjast til sommaren, etter 1. juli, eller til hausten. Dette av omsyn til hekkande fugl og villrein, som er mest sårbare på vår og forsommar.
3. Dersom det er særleg behov for å justere tidsrom i enkelte område, må spørsmålet avklarast med nasjonalparkforvaltar i god tid.
4. Flyging nær dyr og hekkeplasser skal unngås. Dersom det blir observert fugl med oppførsel som tyder på hekking i nærleiken, skal dronflyginga avsluttast på den aktuelle lokaliteten og flyttast til anna område eller utsetjast til seinare.
5. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området, og flyging skal av omsyn til friluftslivet helst skje på vekedagar og ikkje i helger. Det er svært viktig å vise respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller fotografering av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)
6. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato og område seinast dagen før flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

## Saksopplysningar

- Søknad ved e-post av 8. juni frå Iriss Forlag v/ Jon Hagen
- *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.*  
(Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Søknaden:

**«Søknad til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen om løyve til å nytte drone til å ta oversiktsbilde og rutebilde i nasjonalparken og tilgrensande verneområde.»**

*Iriss forlag ga i 2008 ut boka "Fotturer i Jotunheimen" som skildrar dei aller fleste etablerte fotturrutene i Jotunheimsområdet. Boka har eit visuelt preg der rutene er teikna inn på oversiktsbilde som gjer det enkelt for brukarane å få eit inntrykk av terrenget og kvar ruta går. Denne måten å skildre rutene på har vorte svært populært og det stiller store krav til bildematerialet i ei slik bok. Når boka vart lagd vart det nytta fly til å ta mange av oversiktsbilda og rutebilda i boka.*

*Vi vurderer no å lage eit nytt opplag av boka som snart er utseld. Med den teknologiske utviklinga som har vore dei siste åra så verkar det no naturleg å prøve å ta ein del nye bilde med drone. Vi trur dette vil kunne gi heilt nye mulegheiter, ein vil kunne presentere fjella og terrenget frå heilt nye vinklar, og ein vil kunne få fram vanskelege parti på ei rute på ein oversiktleg måte.*

*Vi innser at nasjonalparken er eit sårbart område og at mange som ferdast der søkjer fred og ro og ikkje nødvendigvis vil setje pris på fotografering frå drone. Vi meiner likevel at med sunn fornuft så kan ein slik liten drone opererast utan å vere til nevneverdig bry for folk eller dyr. Helikopter og fly som er det reelle alternativet for ein del av bilda framstår som meir forstyrrende.*

*Det vil vere aktuelt å bruke drone til å ta oversiktsbilde, rutebilde og også bilde av meir detaljerte parti på enkelte ruter. Vi ynskjer også å bruke dei nye mulighetene som dronar gir til å lage illustrerande turbilde frå nye vinklar. Vi trur at svært mange av brukarane av nasjonalparken vil setje pris på at det vert laga gode og oppdaterte guidebøker for Jotunheimen. Vi meiner også at ulempa med dronedyking vil kunne haldast på eit minimum og dei fleste vil akseptere at det er gitt løyve til akkurat dette formålet.*

*Dronefotografering er svært væravhengig og aktiviteten vil vere spreidd ut i eit langt tidsrom. Vi søkjer difor løyve om å nytte drone i perioden 2017 - 2020.*

*Når det gjeld kva område som kan vere aktuelle å fotografere i, så tar eg utgangspunkt i innholdslista til den eksisterande boka. Den gir ei systematisk oppstilling av områda og hovudrutene i boka»*

Område og hovudruter går fram av vedlegg til saka.

Det har vore ein god dialog med søkjar, og han er informert om at eitt av turmåla, Dumdalsgrottene, ligg i Breheimen nasjonalpark. Nokre av rutene ligg elles heilt eller delvis utanom verneområda, der det ikkje gjeld ande reglar enn dei som følgjer av Samferdselsdepartementet si forskrift.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)



- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «*modellfly og liknande*» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «*og liknande*» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -


*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «*modellfly og liknande*» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Det er dei siste par åra behandla ganske mange slike saker i nasjonalparkstyret. Dronefilming til meir eller mindre privat bruk og for utlegging i sosiale media får avslag. Fleire saker av stor allmenn interesse er derimot innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Det er også gjeve løyve til nokre film- og fotooppdrag knytt til marknadsføring i regi av reiselivsselskapa, men da har ein lagt vekt på promotering av dei mest robuste områda av nasjonalparken (gule soner) og skjerming av dei grønne sonene der ein ikkje har tilrettelegging.

## Sonedeling i forvaltningsplanutkastet frå 2008:



Fotografering til ei turbok som viser fotturane i Jotunheimen vil vera ei form for dokumentasjon, og kan vera eit bidrag til tryggare ferdsel for dei som ferdest på eiga hand. Gode turskildringar er med og fremmar det enkle friluftslivet. I dispensasjonar for marknadsføringsfilmar har ein styrt aktiviteten utanom dei grønne vernesonene i forvaltningsplanen (jf. kart over), men ei slik bok kan ikkje direkte samanliknast med reklame for reiselivet. For å få til ei god turbok må ein vise heilskapen i turområda, og den vil truleg også informere om i kva grad dei enkelte fotturrutene er merka eller ikkje. Ei bok vil sjølvstøtt også ha ein viss marknadsføringseffekt, men den vil nok først og fremst appellere til dei som kjem for å oppleve naturen og det enkle friluftslivet. Sjølvstøtt produktet blir altså ikkje vurdert som å vera i strid med verneformål eller verneverdiar.

Når det gjeld framskaffing av materiale til boka, eller produktet, må aktiviteten med bruk av drone vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7. Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel foto- og filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er dei planlagde opptaksområda i stor grad knytt til merka ruter og mykje nytta fotturruter, slik at boka kan bidra til å styrke kanaliseringa av ferdselen. Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei særleg vurdering av presedensverknaden. Ein ser ikkje for seg mange søknader til liknande formål.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i verneområda langs fotturrutene, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det derfor alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Fotograferinga vil skje over eit lengre tidsrom, og det er mogleg å styre aktiviteten til periodar av året da dei sårbare artane er mindre påverka av uroing, og ha som fast rutine å trekkje seg unna dersom ein ser rovfuglar eller andre fuglar og vilt, særleg villrein. Dronebruk bør skje etter 1. juli, for å unngå den sårbare perioden på vår og forsommar. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta spørsmålet opp ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruk av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av stor allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. er bruk av drone mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, jf. naturmangfaldlova (nml) § 12 som gjev føringar om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder».

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Det er i alle høve likevel svært viktig å vise respekt for andre turgåarar, og unngå nærføring eller fotografering av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Løyvet vil gjelde for fleire år, og det er viktig at tidsrom og opptaksområde alltid blir varsla til Statens Naturoppsyn før oppstart, slik at oppsynet til kvar tid er kjend med lovleg aktivitet.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein for dette formålet tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Filming for å lage ny utgåve av fotturar i Jotunheimen vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Dokumentasjon av populære turruter som er med og fremmar det enkle friluftslivet er i stor grad med og formidlar verdiane som finst i Jotunheimen og Utladalen. Ein kan ikkje sjå at denne saka skaper presedens, da ein ikkje ser for seg mange søknader av denne typen.

Forvaltninga må likevel ta ei overordna vurdering av samla påverknad knytt til dei stadig meir populære dronane, og ikkje berre gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Ei slik utvikling vil bety ei utholing av vernereglane, og vil vera i strid med naturmangfaldlova. Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i samband med pågåande revisjon forvaltningsplanen.

Vedlegg sak 38/2017 – liste over turomtaler

<p><b>1. Gjende</b>  <i>Gjendesheim</i>  <i>Gjendebu</i>  <i>Memurubu</i>  <i>Bessheim</i>  1.1 Besseggen  1.2 Gjendeosen - Memurubu  1.4 Tjønnholstinden  1.5 Gjendesheim - Bessheim  1.6 Besshø  1.7 Memurubu - Glitterheim  1.8 Surtningssua  1.9 Memurudalen  1.10 Memurubu - Spiterstulen  1.11 Bukkelægret  1.12 Gjendetunga  1.13 Gjendebu - Spiterstulen  1.14 Gjendebu - Semeltinden  1.15 Skarddalsegga  1.16 Gjendebu - Olavsbu  1.17 Slettmarkhø  1.18 Svartdalspiggene  1.19 Store Knutsholstind</p>	<p><b>2. Veodalen</b>  <i>Glitterheim</i>  <i>Brimi fjellstugu</i>  <i>Hindsæter fjellhotell</i>  2.1 Glittertinden  2.2 Ryggjehø  2.3 Glitterheim - Spiterstulen  2.4 Glitterheim - Bessheim  2.5 Nautgardstindene  2.6 Styggehøbretindene  2.7 Veotindene  2.8 Veobreen  2.9 Trollsteinkvelven  2.10 Trollsteinrundhø  2.11 Kvitingskjølen  2.12 Lom sentrum - Soleggen</p>	<p><b>3. Visdalen</b>  <i>Galdhøpigghytta</i>  <i>Juvasshytta</i>  <i>Spiterstulen</i>  <i>Raubergstulen</i>  3.1 Juvvatnet - Galdhøpiggen  3.2 Spiterstulen - Galdhøpiggen  3.3 Svellnosbreen  3.4 Spiterstulen - Leirvassbu  3.5 Styggehø  3.6 Spiterstulen - Glittertinden  3.7 Leirhø  3.8 Store Memurutind  3.9 Midtre Hellstugutind  3.10 Store Hellstugutind  3.11 Store Urdadalstind  3.12 Spiterstulen - Semeltinden</p>
<p><b>4. Leirdalen</b>  <i>Leirvassbu fjellstue</i>  <i>Jotunheimen fjellstue</i>  4.1 Kyrkja  4.2 Leirvassbu - Gjendebu  4.3 Leirvassbu - Olavsbu  4.4 Visbretinden  4.5 Tverrbythornet  4.6 Tverrbottindene  4.7 Bukkeholstindene  4.8 Bukkehø  4.9 Skardstinden  4.10 Høgvagltindene  4.11 Leirvassbu - Skogadalsbøen  4.12 Store Rauddalstind  4.13 Stetinden  4.14 Storbreen  4.15 Loftet  4.16 Dumdalsgrottene</p>	<p><b>5. Sognefjellet</b>  <i>Sognefjellshytta</i>  <i>Krossbu</i>  <i>Fannaråkhytta</i>  5.1 Store Smørstabbtind  5.2 Veslefjelltinden  5.3 Storebjørn  5.4 Krossbu - Leirvassbu  5.5 Gravdalstinden  5.6 Bøverbreen og Fantesteinen  5.7 Krossbu - Skogadalsbøen  5.8 Sognefjellet - Fannaråken  5.9 Store Steindalsnosa</p>	<p><b>6. Hurrungane</b>  <i>Turtagrø</i>  6.1 Fuglesteg  6.2 Turtagrø - Skogadalsbøen  6.3 Store Skagastølstind  6.4 Dyrhaugstindene  6.5 Store Ringstind  6.6 Store Midtmaradalstind  6.7 Store Soleiebotntind  6.8 Store Austabotntind  6.9 Stølsmaradalstindene</p>
<p><b>7. Utladalen</b>  <i>Skogadalsbøen</i>  7.1 Hjelle - Avdalen  7.2 Hjelle - Vetti  7.3 Vetti - Stølsmaradalen  7.4 Vettisfossen  7.5 Vetti - Skogadalsbøen  7.6 Uradalen  7.7 Skogadalsbøen - Fondsbu  7.8 Skogadalsbøen - Olavsbu  7.9 Gjertvasstinden  7.10 Skogadalsbøen - Fannaråken  7.11 Hjelledalen</p>	<p><b>8. Tyin</b>  <i>Tyinholmen fjellstuer</i>  <i>Olavsbu</i>  <i>Fondsbu</i>  <i>Eidsbugarden høyfjellshotell</i>  8.1 Tyinholmen - Ingjerdbu  8.2 Falketind  8.3 Uranostinden  8.4 Uranosbreen - Søre Saga  8.5 Langeskavltinden  Ved Eidsbugarden  8.6 Torshammaren  8.7 Fondsbu - Olavsbu  8.8 Sjøgholstinden  Olavsbuområdet  8.9 Skarddalstinden  8.10 Mjølkedalstinden  8.11 Utsikten  8.12 Fondsbu - Gjendebu  8.13 Galdebergstinden  8.14 Slettmarkampen</p>	<p><b>9. Bygdin</b>  <i>Bygdin fjellhotell</i>  <i>Torfinnsbu</i>  <i>Valdresflya vandrerhjem</i>  9.1 Torfinnsbu - Fondsbu  9.2 Mesmogtinden  9.3 Torfinnstindene  9.4 Torfinnsbu - Gjendebu  9.5 Leirungsdalen - Torfinnsbu  9.6 Austre Leirungstind  9.7 Rasletinden  9.8 Kalvehøgda  9.9 Bygdin - Torfinnsbu  9.10 Valdresflya - Torfinnsbu  9.11 Synshorn  9.12 Stavtjerna - Bitihorn  9.13 Båtskaret - Bitihorn</p>

Arkivsaksnr: 2017/3761-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	39/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Filming med drone for dokumentasjon av Storbreen - NVE**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, får NVE v/ Liss M. Andreassen dispensasjon for filming med drone for kartlegging av Storbreen, i tråd med søknad av 06.06.17.

Dispensasjonen gjeld for september 2017 på følgjande vilkår:

7. Området er avgrensa til området rundt Storbreen
8. Flyging nær dyr og fugl skal unngås. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
9. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato seinast dagen før flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
10. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere tidsrom, må det varslast i god tid til nasjonalparkforvaltar, som får fullmakt til å behandle endring.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 06.06.17 frå NVE v/ Forskar Liss M. Andreassen, Seksjon for bre, is og snø
- Sak 34/2015 i Nasjonalparkstyret – løyve til bruk av drone ved Storbreen i 2015.

Utdrag av søknaden:

«NVE gjør målinger på Storbreen og flere andre breer i Jotunheimen og har en midlertidig løyve for ferdsel med snøskuter og helikopter i området. En mindre del av Storbreen ligger innenfor nasjonalparkgrensen.

I september 2015 fotograferte vi Storbreen med en liten drone\* og innhentet tillatelse til det på forhånd (Arkivkode: 2015/2955).

NVE har anskaffet oss egen drone av samme type og ønsker å kartlegge Storbreen også i september 2017. Dronen er bærbar og drives av elektriske batterier. Arbeidet vil gjøres til fots sammen med ordinære bremålinger.

Målet er å ta bilder av breen med drone og lage en kartmodell og ortofoto av breen fra dette. Dataene vil brukes disse til å bestemme endringer av breen. Resultatene brukes både i forvaltningsrettet forskning og til overvåking av breressursene i Norge.

Vi planlegger å gjøre arbeidet på ukedager hvor det sjelden er turfolk i dette området. Vi vil uansett ta hensyn og følge regler for dronetrygging.

Jeg søker med dette om dispensasjon til å gjøre kartlegging med drone på Storbreen til høsten. Vennligst gi beskjed om dere trenger ytterligere opplysninger.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

## Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- - - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Dette er ein ny sakstype, og det har vore lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ganske mange dronesaker i norske nasjonalparker. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Søknader om privat fritidsfilming får avslag. Også fleire søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område har fått avslag. Nasjonalparkstyret har på den andre sida innvilga nokre løyve til bruk av drone for filming i samband med marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet.

Denne saka gjeld dokumentasjon som vil auke kunnskapen om verneområdet, og den biten av Storbreen som er innan nasjonalparken ligg i teig 8 innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane.

Det er relativt lite ferdsel i området, og når ein følgjer reglane som gjeld for dronedyking vil ikkje tiltaket ha negativ innverknad på friluftslivet. Jf. siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving». Det er uansett svært viktig å vise respekt for eventuelle turgåarar, og unngå nærføring eller filming av personar, jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området langs ruta, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Omsøkt tidsrom er utanom hekkesesong og sårbare periodar. Økosystemtilnærming og

samla belastning (§ 10) tilseier at det likevel er viktig å følgje utviklinga, og innarbeide føringar for bruk av drone ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruk av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av stor allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

### **Konklusjon**

Formål med filminga gjer at ein kan tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Kartlegging av breane gjev viktig kunnskap, og bruk av drone for filming i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.



Arkivsaksnr: 2017/3782-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	40/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 og framover - Bruk av helikopter og bil på Glitterheimvegen i reindriften - Lom Tamreinlag**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 d) får Lom Tamreinlag dispensasjon for nødvendig bruk av helikopter i samband med reinsamling og kjøring etter Glitterheimvegen for tilsyn/gjeting.

- Løyvet gjeld frå og med 2017, og inntil vidare.  
Dispensasjonen kan takast opp til revisjon ved behov.
- Det skal alltid takast omsyn til fugle- og dyrelivet og til andre brukarar av området.
- Statens Naturoppsyn v / Rigmor Solem skal ha melding om dato for helikopterbruk seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)
- Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Eventuell landing med helikopter i utmark krev løyve frå kommunen, som forvaltningsmyndigheit etter lov om motorferdsel i utmark.

### **Saksopplysningar**

#### Saksdokument

- Søknad ved e-post av 07.06.2017 frå Lom Tamreinlag v/ leiar Kristian Kjæstad

Etter at det ved revisjon av verneforskrifta vart sett forbod mot lågtflyging under 300 m, vart det behov for at tamreinlaget må søkje dispensasjon for å kunne flyge ved lågare høgde innan grensa for nasjonalparken i samband med samling av reinen. Tidlegare forskrift hadde ikkje reglar for lågtflyging, men regulerte berre landing. Landing skjer i utgangspunktet ikkje innan verneområdet, dersom det ikkje oppstår fare knytt til værforhold eller anna som gjer det nødvendig.

På bakgrunn av dette søker Lom Tamreinlag nå om å kunne bruke helikopter til sanking av rein når det er slakting på anlegget ved Grønhø. Lågtflyging vil normalt vera aktuelt eit par dagar i september, men omfang og tidspunkt vil kunne variere med værforhold m.m. For tamreinlaget er det vidare naudsynt å kunne bruke vegen inn mot Glitterheim for ettersyn og sanking av reinen.

Bruk av snøscooter er direkte heimla gjennom unntak i forskrifta § 3 pkt. 6.2. b):

Like eins er det direkte heimel for å nytte motorbåt på Russvatnet, jf. § 3 pkt. 6.2 h):

### **Vurdering**

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008)
- Naturmangfaldlova

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot motorferdsel (§ 3, pkt. 6.1):

I medhald av § 3 pkt. 6.3 d) kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til:  
*«Motorferdsel på veg og bruk av luftfartøy i samband med reindrift»*

Forvaltningsplanen har som overordna retningslinje at det skal vera *«minst mogleg motorisert ferdsl i nasjonalparken og landskapsvernområdet.»*

Kap. 8.15.5 Dispensasjonspraksis pkt. b) seier at *«det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdast i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen.»*

### **Vurdering**

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark har generelt løyve til motorisert transport på vinterføre i samband med reindrift, og opnar i tillegg for at forvaltninga kan gje løyve til bruk av luftfartøy og kjøring på veg. Det er viktig å oppretthalde beitebruken også innan nasjonalparken. Det å kunne bruke vegen inn til Glitterheim vil spare tid for gjetarane, som skal dekkje eit svært stort beiteområde der gjetinga stort sett skjer til fots på sommaren. Helikopter for inndriving av reinen på hausten er ei rasjonell transportform med avgrensa konsekvensar for andre brukarar. Dette under føresetnad at ein utfører transporten på ein måte som tek omsyn til dyrelivet og til utøvarar av friluftsliv. Reinsamlinga skjer på ei tid av året da det er mindre turgåing, og hausten er ein mindre sårbar periode for vilt og fugleviv. Lågtflyging i det aktuelle tidsrommet på hausten blir ikkje vurdert å vera i konflikt med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12. Hausten er ei mindre sårbar tid for vilt og fugl, jf. kunnskapsgrunnlaget i § 8. Transporten skal likevel avgrensast til eit minimum, og ved eventuell observasjon av vilt og rovfugl er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyring, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig med god planlegging for å halde motorferdsel på eit nødvendig minimum. Lågtflyging i ein kort periode og kjøring etter opparbeidd veg medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. Naturmangfaldlova § 12 gjev føringar om *«miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»*, og dei aktuelle hjelpemidla er nødvendige for ei rasjonell drift av ein stor tamrein flokk.

Motorferdsel på helgedagar/feriar skal i størst mogleg grad unngåast, jf. retningsliner i forvaltningsplanen, og helikopterflyging bør så langt det er praktisk mogleg helst foregå på vekedag. Ein ser samstundes at det kan vera værforhold og tilpassing til mottak på slakteri som kan gjera dette nødvendig. Det er svært mange dyr som skal slaktast i løpet av eit kort tidsrom, og rigide reglar for kva vekedagar som kan nyttast kan i verste fall skape behov for ekstra motorferdsel.

Løyvet blir gjort gjeldande f.o.m. vedtaksdato, og inntil vidare. Ein ser ikkje behov for bestemt tidsavgrensing på eit løyve knytt til drift der ein ikkje ser for seg større endringar frå år til år. Kvar av partane kan ta løyvet opp til revisjon dersom det er forhold som tilseier endringar.

Arkivsaksnr: 2017/3413-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	41/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2019 - Innsamling av brearkeologiske funn - Oppland fylkeskommune**

### **Forvaltar si innstilling**

Oppland fylkeskommune v/Kulturarveininga får med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon frå verneforskrifta § 3 pkt. 4.1 for uthenting av arkeologiske funn og paleozoologisk materiale i Jotunheimen, med særleg vekt på området mellom Spiterstulen og Gjende. Tiltaket vil auke kunnskapen om kulturminna og bevare funna for ettertida.

For effektiv gjennomføring av det brearkeologiske sikringsprogrammet blir det med heimel i verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48, gjeve løyve til bruk av helikopter for inntil 3 turar årleg på seinsommar/haust i 2017-2019.

Dato for helikoptertransport skal seinast dagen før varslast til SNO v/ Rigmor Solem på Mobilnr. 959 65 158 eller e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no).

Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilbakemelding i form av ein kortfatta rapport som viser kva funn som er gjort, dato for helikopterbruk og ein oversikt som listar opp antal og type funn som blir frakta ut av verneområdet.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Søknad datert 16.05.17 frå Oppland fylkeskommune oversendt ved e-post av 19.05.17
- Tilsvarande søknad behandla av Nasjonalparkstyret i sak 07/2015 - *Jotunheimen nasjonalpark - dispensasjon - motorferdsel - 2015-2016 - bruk av*

## helikopter - innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune

Oppland fylkeskommune v/ kulturarveininga søker om følgende dispensasjon:

«Oppland fylkeskommune har, som fagmyndighet for kulturminner i fylket, et pågående sikringsprogram for brearkeologiske funn, som smelter ut av isen i Oppland. Dette arbeid utføres i samarbeid med Riksantikvaren og Kulturhistorisk Museum, med hovedfinansiering fra Klima- og Miljødepartementet og Oppland fylkeskommune.

Pr. 2016 er det samlet inn over 2000 funn i fylket, noe som setter Oppland i en særstilling globalt med mer enn halvparten av verdens funn. Klimaendringene vil føre til videre avsmelting av gammel is, noe som vil medføre fortsatt utsmelting av gjenstander. Arbeidet med å sikre funnene fra isen i Oppland vil derfor måtte fortsette i årene fremover. Uten et slikt sikringsarbeid vil disse viktige kulturminnene gå tapt i løpet av kort tid.

Gjenstandene som reddes gjennom det brearkeologiske sikringsprogram blir ivaretatt av Kulturhistorisk Museum i Oslo. De lånes ut til Fjellmuseet for utstilling lokalt. Det finnes en midlertidig brearkeologisk utstilling på Fjellmuseet nå, og det planlegges en stor ny utstilling på Fjellmuseet, hvor de brearkeologiske funn fra Oppland vil stå sentralt. Funnene fra isen har vakt betydelig internasjonal oppsikt, og har vært omtalt i nyhetsmedier og magasiner verden over.

Prosjektet har en egen nettside: <http://secretsoftheice.com/>

Det er foreløpig kjent åtte funnsteder ved isen innenfor Oppland sin del av Jotunheimen nasjonalpark. Det er tidligere gitt dispensasjon fra verneforskriften for perioden 2015-16. I denne perioden har det ikke foregått brearkeologisk arbeid i nasjonalparken. I 2015 var det for mye snø og i 2016 ble det prioritert arbeid i Reinheimen og på Kviting skjølen. For 2017 er det imidlertid planlagt arbeid innen grensene til nasjonalparken, mellom Spiterstulen og Gjende.

I forbindelse med det brearkeologiske sikringsprogram søkes det om tillatelse til følgende innenfor Oppland sin del av Jotunheimen nasjonalpark:

Vern av kulturminner: Det søkes om dispensasjon fra verneforskriftens § 3, punkt 4.1 for perioden 2017-19, slik at de arkeologiske funn kan samles inn og bevares for ettertiden.

Motorferdsel: Det søkes om dispensasjon fra verneforskriftens § 3, punkt 6.1, for å kunne gjennomføre inntil 3 helikopterløft pr. år i forbindelse med feltarbeidet i 2017-19, etter nærmere avtale med nasjonalparkforvalter. I utgangspunktet ønsker vi å utføre feltarbeidet uten bruk av helikopter. Erfaringene fra tidligere feltarbeid i Breheimen og på Kviting skjølen viser at det kan oppstå behov for slike løft, både pga. utstyrsmengde som trengs til feltarbeidet, og i noen tilfeller også fordi tidspress nødvendiggjør dette.»

### Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift av 14.11.14
- Utkast til forvaltningsplan (2008)
- Naturmangfaldlova

### Kulturminne

Alle kulturminne er verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast, jf. § 3 pkt. 4.1: «*Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.* - - -» I spesielle tilfelle kan det gjevast løyve til at kulturminne kan fraktast ut av verneområde for å sikrast mot øydelegging og for å sikre kunnskap for ettertida. Dette må vurderast i etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta, § 4 jf. naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålsparagrafen i verneforskrifta – § 1 – har følgjande ordlyd:

*Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi - - -*
- *-----*
- *Kulturminne*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan (utkast/tilråding frå 2008):

Forvaltningsplanen har inga særskild omtale av lause kulturminne, men gjev føringar for bevaring av kulturminne på generell basis (s. 46):

*«Mange av kulturminna og kulturlandskapet som er innanfor verneområda vil det vere eit mål å sikra og/eller halde ved like. Dei fortel om samspelet mellom menneske og natur og gjer områda rikare. Registrering og tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturlandskap krev særleg kompetanse og ofte store ressursar. Slike tiltak føreset eit nært samarbeide med Riksantikvaren/fylkeskonservatorane og forskingsmiljøa.»*

### Retningslinjer og tiltak – s. 48:

*All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Skjøtsel av kulturlandskap skal skje i samarbeid med kommunane og landbruksavdelinga hos fylkesmannen.*


*Tiltak:*

- *Utarbeide ein kulturminneplan for verneområda*
- *Gjennomføre kontinuerlege registreringar av kulturminne i samarbeid med andre personar og institusjonar med koordinatfesting*
- *Utvikle samarbeid med fylkeskonservatorane, forskingsmiljø, skular og lokalpersonar om arbeid som vedkjem kulturlandskap, bygningsmiljø og kulturminne.*
- *Heve kompetansen m.o.t. kulturminne og kulturlandskap.*
- *Ta del i sikring av kulturminne i samarbeid med andre, jf. lokalkunnskap.*

### Motorferdse

Etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark er all motorferdse forbode, jf. § 3 pkt. 6.1. I særlege tilfelle kan det gjevast løyve til motorferdse også for tiltak utan særskild dispensasjonsheimel i verneforskrifta - § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Området mellom Spiterstulen og Gjende omfattar både brukssoner og sone utan tilrettelegging, jf. soneinndelinga i forvaltningsplanutkastet frå 2008:



Tiltakshavar ønskjer i utgangspunktet å unngå motorisert transport, men behov for ein del utstyr og kort tidsrom for gjennomføring gjer at arkeologane vurderer det som mest praktisk å kunne bruke helikopter for å frakte inn og ut utstyr, og ha høve til effektiv og trygg transport av eventuelle funn ut frå området. Transport vil gå føre seg på seinsommaren/hausten, når breane og fonnene har trekt seg attende, og før den første snøen kjem. Dette korte tidsrommet dei har til å sikre nye funn gjer at ein vurderer transportbehovet som godt dokumentert. Inntil 3 helikopterløft årleg i 2017-19 vil i liten grad verke inn på verneverdiar eller friluftslivsinteresser i området.

Tiltaket gjeld kartlegging og sikring av kulturminne gjennom innsamling av funn som elles vil tapt ettersom isen smeltar attende. Biologisk materiale som smeltar fram blir raskt brote ned når det ikkje lenger er skjerma mot lys og luft. Det har vore systematisk innsamling av fonnfunn i Nord-Gudbrandsdalen gjennom sikringsgruppa sidan 2011. Oppland er i ei særstilling *globalt* med meir enn halvparten av verdas funn (ca. 3000). Dei fleste av desse funna er gjort i Breheimen nasjonalpark, men eitt av dei mest omtala er kanskje den nær intakte skinnskoa som vart funne innunder Kvitingskjølen, nordaust for grensa til Jotunheimen nasjonalpark. Klimaendringane vil truleg føre til vidare avsmelting av gamal is, slik at stadig fleire gjenstandar vil koma fram i dagen. Arbeidet med å sikre funna frå isen i Oppland bør derfor halde fram i åra som kjem.

Kartlegging og dokumentasjon av bre- og fonnfunn har pågått i fleire år, og det er opparbeidd solid erfaring om korleis ein skal gjennomføre slikt arbeid. Kunnskapen om området er god. Innsamling må skje på det tidspunktet breane er minst, dvs. om hausten. Ein unngår med det motorstøy i den mest sårbare perioden på våren, med yngletid for dyr og fuglar. Området omfattar høg fjell med toppar over 2000 m.o.h., og det blir fort ein kamp mot tida med tanke på første snøfalla i august /september. Påverknad i høve til samla belastning i verneområdet er liten, og oppdraget er av så spesiell karakter at det ikkje vi skape uheldig presens – jf. naturmangfaldlova §§ 9-10. Risikoen for at det oppstår skade med bakgrunn i innsamlingsarbeidet er svært liten. Transport med helikopter er hurtig og effektiv. Det skadar heller ikkje miljøet så lenge det blir teke omsyn til dyrelivet, jf. nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Eit par helikopterturar som dette årleg vil ikkje påverke økosystemet nemneverdig. For heile verneområdet er det svært få slike forskningsturar, slik at samla belastning er lita. Det ligg føre ein grundig dokumentasjon for det arbeidet som er planlagt, og det blir vurdert å ha stor samfunnsmessig verdi og vera i samsvar med verneformålet ved at det gjev auka kunnskap og sikrar kulturminna mot øydelegging.

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	42/2017	19.06.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Galdhøpiggen 2018 - 2020 - Per Olav Tangen**

### **Forvaltar si innstilling**

Galdhøpiggen v/ Per Olav Tangen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere Galdhøpiggen i tråd med etablert opplegg for ein ny treårsperiode 2018-2020. Løynet gjeld med same vilkår som tidlegare år, og det er ein føresetnad at rennet blir avvikla i løpet av ein dag, inklusive opprydding.

1. Lokalisering av trase og opplegg skal følgje same opplegg som tidlegare. Endringar i dette kan ikkje gjerast utan varsling og eventuell godkjenning frå forvaltninga.
2. Renndato 2018 er ifølgje søknaden lagt til 7. april. Nasjonalparkforvaltar skal varsles i god tid om tidspunkt for rennet i 2019 og 2020.
3. Deltakarar og publikum skal gjerast kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken.
4. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter at rennet er avvikla.
5. Motoriserte kjøretøy skal ikkje brukast med mindre dette er nødvendig i samband med skadetransport og eventuell nødvendig forberedelse av slik transport.
6. Transport av merkeutstyr og sikkerhetsnett og anna utstyr skal ikkje skje motorisert innan nasjonalparken.
7. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.
8. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
9. Høgtaleranlegget skal ikkje brukast til anna enn ordinær speakerteneste i tilknytning til rennet. Lydnivå skal avgrensast mest mogleg for å unngå støy i nasjonalparkområdet, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
10. Arrangøren skal innan ein månad etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.



## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 22.05.17
- Tidlegare løyve til arrangementet, sist ved sak 18/2015 i Nasjonalparkstyret.

Per Olav Tangen har ved e-post 22.05.17 rapportert frå årets renn og søkt om vidareføring for tre nye år. Galdhøpiggrønnen, vart i år arrangert for 30. gong etter at rennet starta opp att i nyare tid. Deltakartalet har gått ned, og var i år nede på 150, det lågaste talet til nå.

Siste løyve vart gjeve av Nasjonalparkstyret i møte 09.03.15, sak 18/2015, for treårsperioden 2015-17. Det var sett føresetnad om at rennet skulle avviklast i løpet av ein dag, inklusive opprydding, på nærare gjevne vilkår.

Utdrag av rapport for 2017:

*«Årets renn ble arrangert lørdag 22.04. forut for rennet hadde en arrangør stab på ca. 35 personer forberedt rennet på torsdag og fredag. Tross sent i mai veldig gode snøforhold i hele løypa, det kom 40 cm på torsdag i nesten hele løypa. Traseen som ble brukt var den samme som original traseen var i 1934, spesielt gode snøforhold gjorde arrangementet enkelt.*

*Vi gjennomførte informasjonsmøte på fredag kveld med vektlegging på at vi befinner oss i nasjonalpark, og informerte om all form for forsøpling straffes med diskvalifikasjon i rennet.*

*Det var kraftig vind alle dagene, men grei sikt. Hele området i Nasjonalparken var ryddet, og kontrollert innen kl. 16.00 på renndagen.*

*Antall renndeltagere var i år 150- laveste på de 30 årene vi har arrangert., det har vært en nedadgående tendens de siste to årene på antall deltagere.*

*Vi gjennomførte Norgescupfinale i randonee, med planlagt vendepunkt på Galdhøpiggen, men pga. av mye vind måtte vendepunkt legges til start på Galdhøpiggrønnen.*

*Arrangementet gikk som planlagt, og alle starttider ble gjennomført som planlagt.*

*Vi hadde også Norges mesterskap i fjelltelemark.*

*Røde kors var representert med mannskap fra Lom og Vågå.*

*Håper på en fortsatt positiv innstilling til dette rennet som har røtter tilbake til 1934. Årets Galdhøpiggrønn var nr. 30 i rekken i nyere tid, og vi håper å føre dette tradisjonsrike rennet videre. Vår tillatelse for rennet gikk ut nå i 2017, vi søker dermed om tre nye år for rennet.»*

Utvikling i deltakartal:

2011	328
2012	290
2013	240
2014	170
2015	240 (Inkl. NM i randonee)
2016	225
2017	150

## Vurdering

Søknaden skal behandlast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlova §§ 8-12. Tidlegare var det eige punkt i verneforskrifta som omhandla arrangement som konkurransar o.l., men revidert forskrift har nå berre punkt

kalla organisert ferdsel (5.2). Omgrepet «organisert ferdsel» høver for turrenn og liknande, men verkar ikkje heilt dekkande for NM, konkurransar og ymse arrangement som ikkje er knytt til turrenn og organiserte turar. Forvaltar finn det derfor mest relevant å nytte den generelle heimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48.

Galdhøpiggen har lange tradisjonar, heilt frå 1934, og det vart teke opp att som årleg arrangement for 30 år sidan. Arrangementet har funne sin plass gjennom fleire år, og dette tradisjonsrike rennet vert tilrådd vidareført med løyve for ein ny treårsperiode med same vilkår som før.

Eit arrangement som går over ein dag, og med god oppfølging frå arrangøren si side, blir ikkje vurdert å vera i strid med verneformålet. Belastning i høve til naturmangfald og friluftsliv er begrensa med den forma arrangementet har. Det skil seg lite frå ordinært friluftsliv, sidan deltakarane går opp og arrangørane gjennomfører løypemerking og rydding utan motoriserte hjelpemiddel.

Galdhøpiggen er lagt til eit område som ikkje rører ved særleg sårbare lokaliteter, som t.d. hekkeplassar for rovfugl. Når det gjelder kartlegging av andre artar, er registreringane meir mangelfulle i Jotunheimen, men kunnskapsgrunnlaget er likevel vurdert som tilstrekkelig for å ta avgjerd – jf. vurderingskriteria etter naturmangfaldlovas §§ 8-10 (*kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*). Rennet har i alle år vorte gjennomført utan bruk av motorkjørety (utanom evt. behov for redningsteneste, som er direkte heimla i forskrifta), og opprydding etter løpet har skjedd same dag. Arrangøren har også gjennomført informasjonsmøte i forkant av rennet, med orientering om vernereglar for nasjonalparken jf. § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og arbeidsmetoder*). § 11 (*kostnader ved miljøforringelse*) blir vurdert som lite relevant i dette tilfellet.